


Senioruniversitetet: To uskedelingar med føredrag

10.01.2010

No har også Kvinnherad fått sitt senioruniversitet og uskedelingane Reidar Myklebust og Kristian Bringedal er blant føredragshaldarane i det første semesteret. Det var Bringedal som tok initiativet og kulturkontoret har vore fadder for tiltaket.

Det første møtet vert på Sørål 20.januar og då skal Jan Spurkeland ta for seg humor og helse. Leiv Guddal er styreleiar



Det er lagt opp til ei samling i månaden, i første omgang fram til mai, og samlingane blir haldne i Rosendal og på Husnes annankvar gong. Seinare vil dei så langt det er råd leggja møta rundt om i kommunen. Målet er å ha medlemmer frå heile kommunen og målet er å fengja alle som likar å treffa andre på sin eigen alder.

Reidar Myklebust skal ha føredrag.



Ynskjemålet er å få med folk over 60 og dei som har lyst kan teikne seg som faste medlemmar for 250 kroner og betala berre halv pris på samlingane. Då blir det ein femtilapp i inngangspengar.

Kristian Bringedal skal ha føredrag.

Under samlingane blir det også servering av kaffi og kakar i ei pause slik at deltakarane kan ha det litt sosialt. Møta blir haldne på føremiddagen.

Av Ola Matti Mathisen